

**TILSYNSRAPPORTERING FRA HELSE FØRDE HF
FOR MAI 2022 - DATO 02.06.2022**

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRA PPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Stats- forvaltaren i Vestland	Helse Førde	Barne- og ungdomsavdelin ga, seksjon for habilitering barn og unge	26.01.2022	Eitt avvik	01.09.2022	<p>Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, seksjon Habilitering for barn og unge den 14. og 15.12.2021. Dei undersøkte om helseføretaket sørger for at barn og unge under 18 år som vert tilviste med spørsmål om utviklingshemming og om vurdering av bruk av tvang vert følgde opp i samsvar med aktuelle lovkrav slik at tenestemottakarane får trygge og gode tenester.</p> <p>Statsforvaltaren peiker på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> Helse Førde har ikkje sørgt for at seksjon Habilitering for barn og unge har tilgang på faglege ressursar og kompetanse som trengst i samband med utgreiing av utviklingshemming og tverrfagleg oppfølging av barna. <p>Dette er brot på: Spesialisthelsetenestelova § 2-2, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring §§ 6-9.</p> <p>Dette medfører forseinka utgreiing og diagnostisering av barn som vert tilviste med spørsmål om utviklingshemming. Det har òg konsekvensar for tverrfagleg samarbeid og oppfølging av barna.</p>	

Statsforvaltaren ber Helse Førde om å gjere greie for kva tiltak som vert sett i verk for å rette lovbrøtet og korleis helseføretaket vil evaluere om tiltaka fører til endring i praksis for utgreiing av psykisk utviklingshemming og tverrfagleg oppfølging av barna.

Som del av evalueringa ber dei særskilt om at leiar går gjennom journalane til unge under 18 år som frå og med 1. november 2020 er tekne imot for utgreiing av utviklingshemming og undersøker om det i kvar sak ligg føre plan for utgreiing og kor lang tid det går frå utgreiingsplanen er utarbeidd til medisinsk utgreiing og utgreiing hos psykolog vert påbegynt.

Fristen for første tilbakemelding var 1. april 2022. Helse Førde sende si tilbakemelding 31. mars, og fekk svar frå Statsforvaltaren i slutten av april.

Statsforvaltaren ber om tilbakemelding pr 1. september 2022 på status når det gjeld arbeid med kompetaneplan, og arbeid med samarbeidsavtale med PBU og Habilitering for vaksne. For å kunne evaluere om det i praksis vert endringar i utgreiingsforløpa for psykisk utviklingshemming, ber dei også om ein grundig gjennomgang av utgreiingsforløp som er starta i 2022.

Statsforvaltaren ønskjer også kopi av kvartalsrapportane som går til føretaksleiinga i 2022.

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre.

Helse Førde har registrert **totalt 1** tilsyn og revisjonar i perioden 01.05 – 31.05.2022.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan.